

Ein runde til for idrettsmerket

16.09.2014



- Slik skal du stå, seier Jostein Saghaug

Eg veit ikkje korleis vi skal få fleire til å møta fram og ta idrettsmerket. Men me må ikkje gje opp og eg innkallar til ein runde nummer 3.

Det sa leiar Kjersti P. Bråtun då ho i går kveld leia runde nummer 2 i merkeprøvene for 2014. Medan det i siste runde møtte 6 var det 5 ikveld og dermed er dei oppe i 11 - det samme talet som i fjor. Det er ikkje særleg imponerande.



Montru om det var langt nok?

Dei 5 var Vivik Rimestad, Thomas Eide, Edith Haugland, Ingunn Kroka og Ingrid Kroka.
Også den allsidige friidrettskaren Jostein Saghaug var på plass og fora deltakarane med gode tekniske råd.
Tilhøva på Heio er ideelle etter opprustinga og fristar også til friidrett. Men bana er enda meir fristande for fotball, som det er gjort ein imponerande 'frisyre' for dei siste sesongane.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Edith Haugland i utgangsposisjon